



DET NORSKE TEATRET





b15g017491

MARTIN SPERR

Martin Sperr er fødd 14/9 1944 i Steinberg, Bayern, og han er altså ikkje meir enn 24 år gammal. Han har vore borti mykje før han kom til teatret — handelslærling og bygningsarbeidar, — han har arbeidd i vaskeri, på sportsplassar og marknader.

Etter å ha vore innom Reinhardt-seminaret i Wien og Teaterskolen i Wiesbaden var han skodespelar i München, Wiesbaden og Bremen. M. a. har han spela rolla som Rovo i berlinoppsetjinga av «Jaktscener».

Martin Sperr tok til å skrive som atten-åring, og «Jaktscener» er det første stykket hans. Etter uroppføringa på Kammerspiele i Bremen omarbeidde han stykket før det vart sett opp på «Schaubühne am Halleschen Ufer» i Berlin.

Stykket er det første i ein trilogi. Andre delen er «Landshuter Erzählungen», og medan «Jaktscener» har landsbyen som ramme og handlar om private hendingar, er «Landshuter Erzählungen» eit «småbystykke» som handlar om pengar og forretningsdrift. Det tredje stykket som no er under arbeid, har titelen «Münchener Freiheit» og skal handle om politikk i storbymiljø.

SAMTALE

MED MARTIN SPERR

Teatertidsskriftet Theater Heute gav Sperr forfatterprisen for 1967 med motiveringa: Fordi han ser nøkternt på tilværet. Fordi han utan kunstgrep avdekkjer småe og smålege tilhøve. Fordi kunsten hans lærer oss noko om røyndomen.

— Er kunsten din samfunnskritisk?

— Det er han nok. Men eg er ikkje interessert i samfunnet slik naturalistane er det. Eg vil syne korleis menneska blir påverka og forandra. Det vanlege på teatret er at vi får sjå einskilde, stivna moment som for meg kjennest framande og i det heile lite forpliktande. Tilskodaren kan oppfatte dei, men han blir ikkje tvinga til å tenkje etter.

— Er det for å oppnå ein slik verknad at du vel så klart definerte miljø og tidspunkt for stykka dine? Både «Jaktscener» og det andre stykket ditt, «Landshuter Erzählungen» er t. d. stadfest til Bayern i etterkrigstida.

— Eg synest ein må gå ut frå det publikum kjenner på førehand. Nåtida er levande — lett å fange inn for publikum. Teatret skulle vere akkurat like levande og lett å få tak på. Eg vil at teatret skal vere — kulinarisk. «Landshuter Erzählungen» vart skriva for Kammerspiele i München, altså for eit teater i same distrikt som stykket handlar om. Urpremiéren slutta med piping. Skandale! Men eg meiner sjølv sagt at det som hender i stykka mine, kan hende kvar som helst. Det som hender i «Jaktscener» kan vel ikkje oppfattast som eit særtysk fenomen, eller kva? Det viktigaste der er spelreglane for jakta: samfunnet lagar seg særingar og kvittar seg med dei sidan. Tenk Dykk om — De kjenner sikkert døme.


— Kva er temaet i «Jaktscener»?


— Tilpassing eller ikkje. Stykket går føre seg i

Landshut-distriktet kort etter krigen. Den gamle samfunnsordninga har brote saman, m. a. skapar dei store flyktningstraumane frå aust uro blant folk. Landsbyen etablerer seg etter det kjende mønstret frå før krigen, og dei som ikkje høyrer med til «gruppa» blir ståande utanfor. Abram går for å vere homoseksuell, noko det stengde landsbysamfunnet ikkje kan tole. Historia med Tonka er ein freistnad på tilpassing frå Abram si side, men dess sterkare presset frå samfunnet blir, dess meir indifferent blir han i forholdet til Tonka. Scenen mellom Abram og Rovo gir samfunnet eit konkret høve til å starte jakta på outsidersen. Barbara er det første offeret, — ho reiser sin veg, og Abram vil òg gjerne kome seg vekk. Men samfunnet slepper ikkje offeret sitt, det blir jaga på ein sadistisk måte.

— Kvifor har du vald nett Abram som offer?

— Eg meiner ikkje å nytte Abram for å gje innsikt i «homoseksuelles psyke» eller noko i den stilen. Det viktige for meg er Abrams samfunnsfunksjon. Eg ville vise at samfunnet av i dag avviser all endring som kan kome fram gjennom ei kulturell frigjering. Sam-





funnet har ikkje endra seg, og kjem ikkje til å gjere det heller. Det er rollene som må endrast.

— Rovo er ein av dei avvikarane som ikkje blir akseptert. Du har spela Rovo sjølv, i Berlin-framsyninga. Kva førestelling har du om han?

— Først og fremst må ein kunne oppfatte at Rovos sjukdom ikke er noko medfødd. Det er altså dei sosiale tilhøva som må spelast fram, ikkje sjølv sjukdomsbiletet, som ein sjølv sagt heller ikkje får gløyme. Eg spela Rovo slik: som ein gut som har blitt heilt innovervendt av all den feilbehandlinga han har blitt utsett for. Eit anna resultat av dette er at faren kjem til å stå for han som ein draum, ein utopi. At Rovo har blitt slik, er det i prinsippet ikkje mogleg å bøte på fordi samfunnet hindrar ei eventuell læking. Kontakten med Abram viser at han kanskje kan bli frisk. Rovo skal ikkje vere homoseksuell. Han må — og det er òg følge av sjukdomen — vere heilt open på det seksuelle området. I prinsippet er han uskyldig og det er ikkje mogleg for han å skilje mellom det eine og det andre. Sjølv mordet hans er bestemt av at mora tilpassar seg. — Slik ser eg rolla, men Dykkar Rovo byggjer sjølv sagt opp rolla ut frå sine egne føresetnader.

— Kva meiner du om å utvide kontakten mellom sal og scene — la den bli ein del av handlinga?

— Eg synest det er ein bra idé å ta kontakt med publikum utanfor det eigentlege spelet. Men eg trur ein må skilje mellom spelet på scena og spelet mellom scenene. Det finst to ulike typar publikumskontakt. Forresten, gjer det det? Eg kan tenkje meg ein slags «Verfremdung» midt i spelet i form av kommentarar. Men det skulle kanskje krevje eit heilt anna stykke? Eg veit ikkje. Kvar har ein eigenleg publikum?

— Jaktscener er blitt filma. Synest du film er eit betre uttrykksmiddel enn teater?

— Nei, ikkje utan vidare. Film har noko endeleg ved seg. Når filmen er ferdig, er det ikkje mogleg å endre noko, og slik blir han eit kunstkonserverande middel. Teatret gir alltid høve til å avbryte, endre og variere. Og dessutan er teatret framleis levande, ei side som skulle utnyttast betre. I det heile har publikum høve til å vere langt meir aktive i teatret. Eg ønskjer meg eit naivt publikum som engasjerer seg, og som ikkje berre konsumerer teater på line med andre produkt frå underholdningsindustrien. Men sjølv sagt skal teatret også vere lystprega underholdning.

— Korleis ser du på agitasjons- og gateteatret?

— Det er nødvendig, men ikkje nett det eg helst vil ha. Men eg er sjølv sagt for politisk teater. Ein kan ikkje skrive utan ideologi, men det er feil å ta ideologien som utgangspunkt. Det vi skal, er å skildre verk-
nadene av ideologien.

— Til slutt: namna — har dei symbolsk tyding?

— Eg avskyr symbolikk!

— Men Abram, til dømes. Det er eit jødisk namn.

— Berre slumpen. Eg synest det er greitt å uttale.

Manfred Gradl/Rainer Hartleb.



Om „JAKTSCENER“

Originaltitelen er «Jagdssenen aus Niederbayern», men fabelen i stykket er ikkje bunden til Bayern. Det er ikkje noko dokumentarstykke — alt er konstruert. Ved å nytte menneska i den nedrebayerske landsbyen Reinöd som døme har eg villa vise åtferda i eit samfunn der dei elementa som ikkje passar inn i systemet, blir skilde ut. Handlinga går føre seg etter den andre verdskrigen, like etter valutareformen. Altså på eit tidspunkt da vår nåverande samfunnsordning held på å bli skapt — den ordninga som nå er konstituert. Stykket er ikkje tenkt å skulle fange inn denne tida på naturalistisk vis. Ein oversiktleg sosiologisk einskap like etter ein stor katastrofe er nytta som modell for å vise korleis det finst grunnlag der eventuelle nye katastrofer kan vekse fram.

Folket i denne landsbyen er ikkje udyr, men heilt normale menneske. Dei opererer i fellesskap berre når ei felles interesse — helst av moralsk karakter — blir truga. Jakta står om menneskeliv, — dei menneska som står utanfor fellesskapen og derfor er fritt vilt. Stykket viser to store tilpassingsfreistnader. Maria lykkast, men Abram greier det ikkje. At kvar einskild i fellesskapen er potensielle outsidersar går fram av den vellykka tilpassingsfreistnaden: ikkje før er outsideren integrert i gruppa, før han blir med i jakta saman med dei andre og avpassar åtferda si etter gruppenorme. Outsidarane er korkje edlare eller betre enn dei menneska som jaktar på dei. Dei er berre annleis i det at dei er stengde ute frå den fellesskapen som dei så gjerne ville høyrte med i.

Fokt

scener

Martin
Sperr

omsetjing : Yngvil og Paal-
Helge Haugen
regi : Rolf Sand
dekor/kostyme : Snorre Tindberg
regiassistent : Haakon Qviller
inspisient : Kari Borg
lys : Kristen Strand
suffli : Randi Sødning
rekvisittar : Lene Nielsen/
Aril Martinsen
lyd : Meny Bloch

Kostymene er laga på Systova, Det Norske Teatret,
under leiing av Kirsten Høidahl.

Bileta i programmet er tekne under ei prøve.


Programred. og omsetjing: Tove Ellefsen
Grafisk formgjeving : Andreas Knispel
Foto : Sturlason
Trykk : Torres Trykkeri

Barbara	TORDIS MAURSTAD
Abram	OLE-JØRGEN NILSEN
Tonka	UNNI EVJEN
Maria	GRETE NORDRÅ
Rovo	THOMAS FASTING
Volker	ERIK ØKSNES
Borgarmeisteren	ROLF JUST NILSEN
Kona hans	EVA SLETTA
Georg	ALF MALLAND
Zenta	MARIT BOLLING
Slaktarkona	ANITA RUMMELHOFF
Beinknoken	KÅRE WICKLUND
Paula	BERGLIOT ENGESETH
Karl	KAI REMLOV
Flyktningskona	INGRID ØVRE
Anton, mannen hennar	ATLE MERTON
Konrad, son hennar	BJØRN NIELSEN
Presten	OTTAR WICKLUND
Lærarinna	KARIN HAUGEN/ NANNA MAGELSEN

Stad: Landsbyen Reinöd i Nedrebyern.

Tid: August 1949.

Pause etter 9. bilete.



SAND, SPERR OG STYKKET

«Jaktscener» er Martin Sperrs første stykke, og Rolf Sands første sjølvstendige instruktørarbeid. I fjor sette han rett nok opp barnestykket «Kongsdøtrene», men det må visst eit «vakse» stykke til for ein instruktørdebut.

— «Jaktscener» fortel om jakta på menneske, på dei som er annleis. Noko spesifikt tysk er ikkje dette — vi har jo t. d. Sandemoses Jantelov som avslører same sikre tru at ein sjølv er så fortrefteleg. Jaktlov eller Jantelov — det blir vel eitt og det same?

— Det sentrale er at dei som jagar, har eit moralsk fundament for jakta. Dei er indignerte over ein ukonvensjonell situasjon. Ta festen på vertshuset som døme. Georg meiner at dei hadde tronge ein ny Hitler til å ta seg av «slike folk», og dei andre er einige. «Dei skulle vore kasterte, — gassa i hel.» Replikane botnar ikkje i aggressivitet, dei viser berre kva folk ut frå sine føresetnader ser som ei moralsk gyldig løysing. Men no er det fest, jakta er over, og dei slappar av etter velgjort arbeid. Og om ikkje lenge har dei vel funne seg eit nytt offer.

— Vi får aldri vite om Abram verkeleg er homoseksuell.

— Det spelar inga rolle. Dei seier at han er, altså er han, sant eller ikkje. Folkemeininga har stempla han.

— Kva har du freista leggje vekt på i instruksjonsarbeidet?

— «Jaktscener» er eit underleg ulitterært stykke. Her finst ikkje oppsiktsvekkjande originale replikkar, og historia i seg sjølv er heller ikke ny. Men Sperr har sett stoffet frå ein ny vinkel, han har så å seie kikka folk i korta, bakfrå. Eitt er det dei seier, noko heilt anna det dei verkeleg meiner og vil. Spenninga, melodien i framsyninga, må skapast mellom de skrivne replikkane og det som skjer mellom menneska. Manus er berre ei ytre ramme om det som ikkje blir sagt. Scenen mellom Abram og Barbara er eit godt døme.

— Korleis har de lagt opp arbeidet?

— Så langt det går har vi freista arbeide etter workshopprinsippet, diskutert og prøvd våre eigne holdningar til stoffet. Men for å følgje prinsippet heilt ut og gjere retteleg gruppeteater ut av det, trengst lenger prøvetid enn dei vanlege 6 vekene. Likevel, god assistanse gjer mykje, og Haakon Qviller og eg har fordelt oppgåvene så godt råd er, og arbeidd parallelt på begge scenene i ABC-teatret slik at prøvetida kunne utnyttast maksimalt.

— Og dei praktiske problema?

— Har Kari Borg tatt seg av. Men lett er det ikkje å trylle fram ei pøsemakar som kan instruere skodespelarane i bruk av pøsemaskinen, eller skaffe nok øl til vertshusfesten kvar kveld.

— Men de drikk da vel ikkje verkeleg øl?

— Vi kan da ikkje godt drikke skummande såpevatn! Det finst grenser for kor langt vi strekkjer oss for kunsten!

Intervjuar: T o v e E l l e f s e n .

Klart for songopptak. Frå venstre Snorre Tindberg, Rolf Sand, Kari Borg og «tidtakaren» Meny Bloch. Tor Hultin ved orgelet.



VONDE MENNESKE?

Utdrag frå ein artikkel av Joachim Israel

Handlar stykket om nazistisk mentalitet? Er det vonde menneske som opptrer? Eg synest ikkje det. Tvert om er det vanlege menneske som er fanga i fordommane sine som igjen har djupe røter i den stivna landsbystrukturen. Vanlege menneske som har kunna halde på fordommane sine fordi dei aldri har hatt kunnskap, — fordi dei avviser kunnskap. Dei set i alle fall ikkje større pris på han. Desse menneska er ikkje nazistar og dei er ikkje vonde menneske. Men karakteren deira predestinerer dei til å opptre slik, til å gjere andre vondt. Dei vil óg lett bli offer for politisk demagogi, t. d. av nazistisk type, når dei sosiale føresetnadene er til stades for at ein slik demagogi kan frå grobotn. I dag rettar fordommane seg mot homoseksuelle. I morgon kan dei bli retta mot negrar eller jødar, sjølv om antisemittisme er eit godt døme på fordommar som ikkje er særleg passande nett no. Det er i alle fall ikkje noko ein bør gje offentleg uttrykk for.

«Kvar historisk prosess skjer to gonger, første gongen som tragedie, andre gongen som farse.» (Karl Marx.)

Adolf von Thadden i kretsen av jublande tilhengjarar etter nazistpartiets kongress i Karlsruhe sommaren 1966.



Repertoaret på

DET NORSKE TEATRET

Hovudscenen:

«**Rosmersholm**» av Henrik Ibsen

Regi: Tormod Skagestad. — Dekor: Arne Walentin

Med: Monna Tandberg, Pål Skjønberg, Bjarne Andersen, Einar Wenes, Øyvind Øyen, Dagmar Myhrvold

«**Spelemann på taket**» av Harnick/Bock/Stein

Regi: Tom Abbott. — Dekor: Per Fjeld

Med Lasse Kolstad som Tevye

Barneteatret:

«**Sirkus Mikkelikski**» av Alf Prøysen og Asbjørn Toms

Regi: Asbjørn Toms. — Dekor: Snorre Tindberg

Med m. a.: Eva Solbakken, Jan Erik Berntsen, Turid Balke, Erik Øksnes og Svein Byhring

DET NORSKE I ABC-TEATRET:

«**Fødselsdagsselskapet**» av Harold Pinter

Regi: Finn Kvalem/Ola B. Johannessen

Med: Elisabeth Bang, Odd Furøy, Einar Wenes, Svein Erik Brodal, Asbjørn Toms og Sidsel Ryen

Teatersentret Bikuben:

«**Georg: Sit du godt**» av Dag Solstad

Regi: Svein Erik Brodal. — Dekor: Snorre Tindberg

Med Jack Fjeldstad i rolla som Georg

Neste premiére

PÅ HOVUDSCENEN:

«**Vår og portvin**» av Bill Naughton

Regi: Merete Skavlan

Premiére 8. januar

PÅ DET NORSKE I ABC-TEATRET:

«**Trong veg til det djupe nord**» av Edward Bond

Regi: Ola B. Johannessen

Premiére 14. januar

REPERTOARET PÅ ANDRE TEATER:



Hovudscenen:

«Den Stundesløse» av Ludvig Holberg

Regi: Edith Roger

«Prisen» av Arthur Miller

Regi: Knut Hergel

«Arsenikk og gamle kniplinger» av Joseph Kesselring

Regi: Kirsten Sørli. — Premiere i desember

For barna:

«Rasmus på loffen» av Astrid Lindgren

Regi: Wilfred Breistrand

A m f i s c e n e n :

«Faderen» av August Strindberg

Regi: Arild Brinchmann

«Neste gang vil jeg synge» av James Saunders

Regi: Finn Kvalem

«Sommeren» av Romain Weingarten

Regi: Jan Bull



«Cabaret» av Masteroff/Kander/Ebbs


Regi: Vera Zorina

«Du er vår mann, Charlie Brown»

av Arthur Whitelaw og Gene Persson
etter Charles M. Schultzes teikneserie

«Karlsson på taket»

Regi: Alfred Solaas



«La Traviata» av G. Verdi

Regi: Einar Beyron. — Dirigent: Zdenko Peharda

«**Jeppe**» av Geir Tveitt

Regi: Barthold Halle/Edith Roger

Dirigent: Arvid Fladmoe

«**Ballettaften V**»

Ritual/Klagesang/Raymonda 3. akt

Koreografi: Butler/Tudor/Petipa/Nureyev

«**Svanesjøen**»

Koreografi: Ivanov/Petipa/Arova

trøndelag teater

«**Gengangere**» av Henrik Ibsen

Regi: Kjetil Bang-Hansen

«**Spillemann på taket**» av Bock/Stein/Harnick

Regi: Sven Henning/Gene Nettles

Première i desember

Rogaland Teater

«**Violen fra Montmartre**» av Emmerich Kalman

Regi: Arne Thomas Olsen

«**Loppen i øret**» av Georges Feydeau

Regi: Arne Thomas Olsen

Première i desember

«**Robin Hood**» dramatisert av Bjørn Endreson

«**Folk og røvere i Kardemomme by**» av Thorbjørn Egner

Regi: Edith Ottosen



Hovedscenen:

«**Cabaret**» av Masteroff/Kander/Ebbs

Regi: Henny Mürer/Knut Thomassen

Lille scene:

«**Sirkulæret**» av Vaclav Havel

Regi: Otto Homlong



Botnen · 68